

Avtale
mellom
Den norske kyrkja v/Bjørgvin bispedøme (org.nr. 818 066 872)
og
Gulen kyrkjelege fellesråd (org.nr. 976 995 716)
og
Masfjorden kyrkjelege fellesråd (org.nr. 976 995 627)
og
Solund kyrkjelege fellesråd (org.nr. 976 995 759)
om
prestetenesta i kommunane Gulen, Masfjorden og Solund

Avtalen skal ha framsida (denne) signert, og resterande trykte sider parafert av alle partar for å vere gyldig. Avtaledokumenta er utarbeidde i 4 - fire eksemplar, eitt til kvar av partane.

Avtalen består av dokumenta

- Føresegn
- Vedlegg; Tenesteskildring


Bergen, den..... 3.oktober 2019


.....
Bjørgvin bispedøme
v/ stiftsdirektør Jan Ove Fjelltveit


.....

Gulen kyrkjelege fellesråd
v/ kyrkjeverje Trude Brosvik


.....
Masfjorden kyrkjelege fellesråd
v/ kyrkjeverje Kristine Bleikli


.....
Solund kyrkjelege fellesråd
v/ kyrkjeverje Mona Hjønnevåg

Oppnemnde kontaktpersonar for partane:

	Bjørgvin bispedøme	Gulen kyrkjelege fellesråd	Masfjorden kyrkjelege fellesråd	Solund kyrkjelege fellesråd
Namn	Helg Taranrød	Trude Brosvik	Kristine Bleikli	Mona Hjønnevåg
Stilling	Prost i Nordhordland	Kyrkjeverje	Kyrkjeverje	Kyrkjeverje
Tlf.	41528318	913 14 389	56 16 62 61	57 78 62 09
E-post	ht759@kyrkja.no	trude.brosvik@gulen.kommune.no	Kristine.bleikli@masfjorden.kommune.no	kyrkjeverja@solund.kyrkja.no

Føresegn

1. Partar

Denne avtalen er inngått mellom Bjørgvin bispedøme (som ansvarleg for prestetenesta), og Gulen kyrkjelege fellesråd, Masfjorden kyrkjelege fellesråd og Solund kyrkjelege fellesråd (som kjøparar av presteteneste).

2. Avtaleperiode

Gjeldande avtale dagsett 2.februar 2018 vert forlenga. Den nye avtalen skal gjelde frå signeringsdato til 1.august 2023.

Avtalen kan seiast opp skriftleg av kvar av partane med minst 12 månadars varsel.

Om partane ønskjer forlenging av avtalen, skal avtalen verte reforhandla seinast innan 31.desember 2022. Bjørgvin bispedøme tek initiativ til reforhandling av avtalen.

3. Føremål

Føremålet med avtalen er å sikre presteteneste til kvar av kommunane Gulen, Masfjorden og Solund, slik at kvar av kommunane i hovudsak har ein fast prest med hovudansvar for sokna i kommunen. Dette inneber auke i prestetenesta på til saman 50 % stilling fordelt på kommunane.

Utover den alminnelege prestetenesta, skal tenesta særskilt vere retta mot dei føremål finansieringa er øyremerka mot. Dette gjeld den til saman 50 % auka i prestetenesta for dei tre kommunane etter denne avtalen. For utdjuping av tenesta, sjå vedlagt tenesteskildring.

4. Samarbeidsmøte og rapportering

Det skal haldast eit årleg samarbeidsmøte mellom partane.

Bjørgvin bispedøme v/prosten i Nordhordland har ansvar for å kalle inn til samarbeidsmøte. Kvar av partane kan i tillegg kalle inn til møte ved behov.

Det skal først referat frå kvart samarbeidsmøte.

Prosten utarbeidar ein rapport knytt til den tenesta avtalen gjeld etter avtalens punkt 3 og kan rådføre seg med prestane, sokna og avtalepartane. I tillegg til rapporten, skal evaluering av tenesta inkludert vedlagt tenesteskildring og høve til forlenging av avtaleforholdet vere tema på samarbeidsmøta.

5. Arbeidsgjevar

Rettssubjektet Den norske kyrkja v/ Bjørgvin bispedøme er arbeidsgjevar for prestane.

6. Økonomi

Bjørgvin bispedøme fakturerer

Masfjorden kyrkjelege fellesråd årleg med NOK 140 000.

Gulen kyrkjelege fellesråd årleg med NOK 140 000.

Solund kyrkjelege fellesråd årleg med NOK 70 000.

Faktura vert sendt ut innan juni kvart år.

Eigenfinansiering frå Bjørgvin bispedøme NOK 50 000.

7. Mangel, retting og medverknad

Det føreligg ein mangel der tenesta ikkje har den kvalitet som er regulert i denne avtalen, medrekna vedlegget. Bjørgvin bispedøme plikter å rette mangelen så raskt som mogleg for eiga rekning og risiko.

Fellesråda skal yte slik medverknad som er rimeleg å forvente av dei for at Bjørgvin bispedøme skal kunne oppfylle sine avtaleforpliktingar, medrekna retting av manglar. Dette inneber ei plikt til å opplyse om tilhøve som påverkar utøvinga av tenesta.

8. Tvistar, forhandlingar

Om det oppstår ein tvist om rettar og plikter for partane under eller i tilknyting til denne avtalen, skal tvisten søker løyst gjennom forhandlingar.

Tenesteskildring

1. Innhold

- a) Innhaldet i prestetenesta etter denne avtalen skal særskilt søkje å styrke det diakonale arbeidet innan kvar av kommunane, i tillegg til den alminnelege prestetenesta. Den alminnelege prestetenesta gjeld arbeid med gudstenester, kyrkjelege handlingar, konfirmantarbeid, trusopplæring, sjælesorg/besøksteneste og andre forkynnaroppdrag.
- b) Kvar av kommunane skal i hovudsak ha ein fast prest kvar med hovudansvar for sokna kommunen. Dette må balanserast opp mot at arbeidstida for kvar prest skal vere på 35,5 timer i veka, at tal tenester for kvar av prestane må vere jamne, samt forholdet mellom arbeidstid og reisetid.

2. Organisering

- a) Kommunane Masfjorden, Gulen og Solund vert dekka med til saman tre årsverk prestestilling fordelt på kommunane. 50 % av den totale stillingsprosenten (300%) er bunden av denne avtalen og vert gjort mogleg på bakgrunn av tilskot frå kvar av partane. Av kvar av prestane sin arbeidstid skal difor i utgangspunktet 6 timer kvar veke nyttast til formålet med avtalen.
- b) Prestetenesta tilsvarende tre årsverk vert fordelt på tre prestar. Prestar i Rettssubjektet Den norske kyrkja v/Bjørgvin bispedøme er tilsett i heile prostiet med lokale sokn som tenestested. I dette tilfellet gjeld tilsettingshøva Nordhordland prosti. For prestane i Masfjorden, Gulen og Solund vil det likevel berre unntaksvis verte aktuelt med teneste utanfor dei tre kommunane. Dette vil til dømes gjelde ved ferieavvikling.
- c) Fordeling av tenestested:
- Ein prest har tenestested i sokna Masfjorden sokn
 - Ein prest har tenestested i sokna Brekke, Gulen og Mjømna (Gulen)
 - Ein prest har tenestested i Solund sokn

Geistleg representasjon i sokneråda følgjer tenestestaden.

d) Skilnaden på storleiken mellom kommunane tilseier at fordeling av prestetenesta likevel er noko ujamn med ein prest pr. kommune. Gulen må difor etter høve få tilført noko presteteneste frå Solund. Dette må sjåast i samanheng med omsyn til mengde reisetid.

3. Gudstenester

- a) Ein prest i full stilling har kapasitet til ca. 50 forordna gudstenester årleg. Fordelinga på forordna gudstenester i dei tre kommunane er Masfjorden (50), Gulen (55) og Solund (45). Presten i Solund kan difor halde nokre av gudstenestene i Gulen.

b) Prestar skal ha fri kvar fjerde sundag. Prestane dekkjar difor inn for kvarandre på gudstenester ved avvikling av sundag med fri.

4. Kyrkjelege handlingar

a) Vigsler vert meldt prosten sin administrasjon og fordelt mellom prestane ut i frå omsyn til ferie og fri.

b) Det er ulike tal gravferder i dei tre kommunane. Presten i Solund må difor ha nokre gravferder i Gulen. Kvar prest har likevel i utgangspunktet alle gravferdene i sin kommune, men kan ved høve be om hjelp frå dei andre prestane.

c) Dåpsamtalar vert i utgangspunktet haldt av den lokale presten uavhengig av kven som forretter dåpsgudstenesta.

5. Trusopplæring og konfirmantundervisning

a) Kvar prest har hovudansvar for konfirmantførebuinga på sin tenestested.

b) Kvar prest deltek i trusopplæringa på sin tenestested, særskilt der tiltaka er knytt til gudstenester. Soknepresten i Masfjorden bidreg inn mot desse trusopplæringstiltaka i Gulen. Til gjengjeld gjer soknepresten i Gulen tilsvarande presteteneste i Masfjorden.

c) Det må opnast for andre typar samarbeid frå prestetenesta si side når det kjem til barne- og ungdomsarbeid om dette passar betre.

6. Sjelesorg/besøksteneste/institusjonar

a) Avtalen om presteteneste tilsvarande ein stilling pr. kommune inneber kapasitet til å etablere plan for vitjing av institusjonar i alle dei tre kommunane.

b) Fordelinga av institusjonar må sjåast i samanheng med kapasitet i presteressursane. Presten i Solund må difor òg ha ansvar for vitjing av institusjonane i Gulen. Dette forhindrar ikkje presten i Gulen å vitje institusjonar og einskilde personer i Gulen ved høve.

7. Andre forkynnaroppdrag

Sokneråda i sokna i Masfjorden, Gulen og Solund kan kontakta alle dei tre prestane for andre typar oppdrag i lokalkyrkja enn alminnelege gudstenester, andakter og kyrkjelege handlingar. Den einskilde prest prioritatar sjølv si ubundne tid. Presten i Solund vil likevel vere den med mest rom for slike oppdrag.

8. Særskilt om diakoni og trusopplæring

Den delen av prestetenesta som er kommunalt finansiert via fellesråda skal medføre diakoni i tråd med lokale behov. Dette kan t.d. vere besøksteneste, oppfølging av ungdom, arbeid med integrering eller arbeid knytt til sorg.

Diakonale tiltak må verte utarbeidde lokalt, men vil danne grunnlag for eventuell vidareføring av midlane som inngår i prestetenesta etter denne avtalen.

På same måte skal den delen av prestetenesta som vert finansiert av trusopplæringsmidlar nyttast til trusopplæringsføremål.